

Saksbehandlar: Elisabeth Aune, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 15/10125-25

Endring i forskrift om hausting av tang og tare

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane – innspel til Fiskeridirektoratet

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette innspel til Fiskeridirektoratet i samband med revisjon av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av taresressursen på, er å velje ei økosystembasert forvaltning slik at ressursen tåler fleire aktørar og større uttak i framtida.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det vert prioritert å auke kunnskap om biomassen av stortare i fylket for å sikre ei berekraftig og økosystemvennleg hausting.
4. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet om:
 - i. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise kart slik det er omtalt i sluttrapporten datert 28.04.16.
 - ii. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime slik det går fram av sluttrapporten.
 - iii. Ta området utanfor Grotle gamle kyrkjegard som stengt for tarehausting inn i ny forskrift for hausting av tare i Sogn og Fjordane, slik det går fram av vedlegg 2 til sluttrapporten.
 - iv. Ta omsyn til høyringsuttalane ved vidareføring av stengde område for taretråling, og følgje fylkeskommunen sitt forslag under punkt 4.4.1 i sluttrapporten.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

1. Sluttrapport datert 28.04.2016

Uprenta vedlegg:

0

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Hovudutval for plan og næring vart orientert om fylkeskommunen sitt arbeid med endring av forskrift om hausting av tare gjennom sak 72/2014 under skriv og meldingar i møtet den 25.11.2014.

Fylkeskommunen har vore leiar for eit forarbeid til utarbeiding av forskrift for hausting av tare i Sogn og Fjordane. Det er Fiskeridirektoratet som utarbeider forskriftstekst og set i verk forskrifta.

Arbeidet er gjennomført av ei arbeidsgruppe med følgjande deltakarar; fylkeskommunen som leiar, Fiskeridirektoratet region Vest, Fylkesmannen, Solund kommune, Flora kommune, Bremanger kommune, fiskarlaget i Sogn og Fjordane og FMC Biopolymer (eit selskap som hauster tare og produserer alginat i Norge). Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet sentralt og ein næringsdrivande taretrålar har vore representert som referansegruppe. Fylkesmannen trakk seg ut av arbeidsgruppa etter siste arbeidsmøte før høyringsprosessen.

Arbeidsgruppa sendte på høyring eit dokument som inneheldt forslag om ny inndeling av haustefelt, hausteregime og endring av forbodssoner innafor opne haustefelt.

Endring av haustefelt/trålfelt er gjort av navigasjonsomsyn der alle feltgrenser bør følgje heile breiddeminutt. Felta har fått ei bredde på 1 nautisk mil, med unntak fire felt som har ei bredde på 1,5 og 2 nm. Vi foreslår ending av felt sør for Stavfjorden, og å slå saman to felt i Selje kommune; Indre og Ytre Fure. Sjå kart i vedlegg 1 i sluttrapporten.

Hausteregime; Kwart haustefelt har ein bokstavkode (A-E) som er knytt til hausteperiode. Vi ønskjer ikkje at nabofelt vert hausta påfølgjande år, og foreslår at felta vert koda frå sør til nord i rekkjefølgja A, C, E, B, D, og at hausteregimet følgjer alfabetet:

Felt	Frå dato	Til dato
A	1. september 2016	31. august 2017
B	1. september 2017	31. august 2018
C	1. september 2018	31. august 2019
D	1. september 2019	31. august 2020
E	1. september 2020	31. august 2021

Høyringsdokumentet inneheldt også endring av forbodsområde. Arbeidsgruppa var ikkje samla om kva for område som skal vere stengt for tråling i ny forskrift, og sa i høyringsdokumentet at høyringsinnspela ville bli lagt til grunn for utarbeiding av forslag til Fiskeridirektoratet. Gjennomgang av høyringsinnspela resulterte ikkje i semje, og vi har derfor ikkje eit konkret forslag til Fiskeridirektoratet.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Høyringsdokumentet bad spesielt om tilbakemelding på forslag om ny inndeling av haustefelt, hausteregime og forbodssoner innafor opne felt.

Endring av haustefelt til ei bredde på ei nautisk mil for heile fylket, var det ingen negative kommentarar til. Ending av hausteregime var det heller ingen motstand mot, anna enn otte for at enkelte felt vert hausta før det har gått 5 år i løpet av den første haustesyklusen.

Det kom inn flest merknadar til forbodssonene.

I høyringsdokumentet vart det foreslått å ta ut 5 av dei ni områda som i gjeldande forskrift er stengt for tråling av omsyn til fugl. Dette er område som ikkje er underlagt vern etter naturvernlova. Dei fire områda som var skissert vidareført; Klovningen (Vågsøy), Sverslingane (Flora), Håsteingrunnen (Askvoll) og Storesvalane (Solund). Dette har skapt reaksjonar hjå Fylkesmannen, Flora kommune og Vågsøy kommune.

Flora kommune argumenterer for at området utanfor Aralden naturreservat må vidareførast fordi det er eit viktig hekkeområde for teist; då dei hevdar at denne arten er følsam for taretråling.

Vågsøy kommune ber om at området ved Stallbrekka vert stengt for tråling også i ei ny forskrift.

Fylkesmannen meiner at alle ni fugleområda må vidareførast. Dette fordi bakgrunnen for at verneforskriftene vart endra (kgl. res. i 2005) og det vart opna for tråling i naturreservat deler av året, var at desse områda utan vern etter naturvernlova vart stengt for tråling med heimel i tareforskrifta. I tillegg til dei fire områda som er nemnde i høyringsdokumentet er dette: Stallbrekka (Vågsøy), Veststeinen (Bremanger), Værholmene i Kvalstein naturreservat (Flora), Aralden (Flora) og Storøyna i Moldvær naturreservat (Askvoll).

I høyringsdokumentet vart det foreslått å innskrenke forbodssona i Bremangerpollen ved å opne for tråling i Rylandspollen, og forskriftsfeste forbodet utafor Grotle gamle gravplass.

Havforskningsinstituttet meiner Bremangerpollen inkludert Rylandspollen er godt egna som referanseområde, og at grensa bør vere som i dag. Om ein opnar for tråling i deler av dette området må det gjerast granskningar i forkant og etter tråling for å dokumentere eventuelle effektar.

Bremanger kommune vil utvide området som er stengt for tråling; ut til ei line frå Olderveggen til Mulen (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør.

Sogn og Fjordane fiskarlag går også imot at det blir auke i haustingsfeltet i Bremanger kommune ved at Rylandspollen er foreslått å bli opna for taretråling, utan noko fagleg grunngeving. Det må settast eit forbod mot taretråling i alle gyteområder i mars månad.

Arbeidsgruppa sin konklusjon

Arbeidsgruppa gjekk igjennom alle høyringsuttalane, og var einige om følgjande:

I dei periodane det er opna for tråling av tare i Bremangerpollen skal det vere forbod mot tråling i mars månad av omsyn til torskefisket.

Å ta det avmerka området utafor Grotle gamle kyrkjegard inn i forskrifta, medan det var ulike syn på om dette skulle kompenseras på sørsida av Bremangerpollen.

Arbeidsgruppa vart ikkje samde om kva for område som skulle vidareførast som stengte område i ny forskrift til hausting av tare i Sogn og Fjordane.

Merknader frå deler av gruppa etter avsluttande møte i arbeidsgruppa

Fiskeridirektoratet region vest vil etter høyringsrunden foreslå at Rylandspollen framleis vert stengt for taretråling, medan grensa over Bremangerpollen vert flytta austover på sørsida av pollen til Løvikskjeret i samsvar med høyringsutkastet.

Fylkeskommunen sitt forslag etter høyringsrunden:

- Vidareføre dei 9 stengde fugleområda i ny forskrift, med føresetnad av oppdatering av fugleteljningar i desse områda i løpet av dei neste 5 åra.
- Bremanger; oppretthalde den eksisterande grensa i Bremangerpollen, med føresetnad av at det vert sett i gang forskingsprosjekt i området for å sjå på verknader av hausting av tare på oppvekst, fiskebestand og auke i fangstmengda for eit nærfiske i Bremangerpollen.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette innspel til Fiskeridirektoratet i samband med revisjon av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er å velje eit økosystembasert forvaltning slik at ressursen tåler fleire aktører og større uttak i framtida.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det vert prioritert å auke kunnskap om biomassen av stortare i fylket for å sikre ei berekraftig og økosystemvennleg hausting.
4. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet om:
 - i. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise kart slik det er omtalt i sluttrapporten (datert 28.04.16).
 - ii. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime slik det går fram av sluttrapporten.
 - iii. Ta området utafor Grotle gamle kyrkjegard som stengt for tarehausting inn i ny forskrift for hausting av tare i Sogn og Fjordane, slik det går fram av vedlegg 2 til sluttrapporten.
 - iv. Ta omsyn til høyringsuttalane ved vidareføring av stengte områder for taretråling, og følgje fylkeskommunen sitt forslag under punkt 4.4.1 i sluttrapporten.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)